



HELSE VEST RHF
Postboks 303
4066 STAVANGER

Dato: 30.09.2016
Vår ref.: 2016/6619-3
Saksbehandlar: marrods
Dykkar ref.:

Helse Vest - Sluttrapport frå prosjekt for Stord sjukehus - høyring

Hordaland fylkeskommune handsama sluttrapport for Stord sjukehus i fylkesutvalet 22.09.2016 og fatta slikt vedtak:

1. Gode helsetenester er avgjerande for å oppnå eit attraktivt fylke. Hordaland fylkeskommune stør forslaget i prosjekt Stord sjukehus om å oppretthalda sjukehuset sin akuttfunksjon.
2. Leirvik er eit viktig regionsenter i Hordaland. Lokalisering av spesialiserte tenester og kompetansearbeidsplassar i senteret er i samsvar med vedtekne mål i regional plan for attraktive senter. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om å arbeida for desentralisering av tenester frå Haugesund sjukehus til Stord.
3. Kompetanse ved sjukehuset er ein føresetnad for at desentralisering gir gode tenester. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om at Helse Fonna arbeider for ein samla kompetanse- og forskingsstrategi for alle sjukehusa i føretaket. Kompetanse- og ressursbehovet vil auke innan helse- og omsorgssektoren. Godt samspel mellom utdanningssektoren og sjukehusa må utviklast. Fylkeskommunen sitt arbeid i regional plan for kompetanse og arbeidskraft vil vera relevant for sjukehuset.
4. Styrking av digitale tenester, forskning og innovasjon innan helsetenester er i samsvar med regionale mål. Innsyn og informasjon om tenestene ved sjukehuset bør betrast slik at produksjon, ventetid og ventelister vert lettare tilgjengeleg digitalt for brukarar og primærhelsetenesta.

Saksframlegg og referat frå handsaming følgjer vidare i dette brevet.

Marit Rødseth
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2016/6619-2
 Saksbehandlar: Marit Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	203/16	21.09.2016

Helse Vest - Sluttrapport frå prosjekt for Stord sjukehus - høyring

Samandrag

Helse Vest har sendt rapport frå prosjekt for Stord sjukehus på høyring. Rapporten er ei oppfølging av regjeringa sin Nasjonal plan for sykehus og helse. Ei arbeidsgruppe samansett av representantar for Helse Fonna, Stord sjukehus og kommunane har vurdert sjukehuset sin rolle i Helse Fonna.

Hovudkonklusjonen er å oppretthalda Stord sjukehus som akuttsjukehus innan kirurgi og indremedisin. Tilrådingane gjeld elles mellom anna desentralisering av tenester, felles kompetanseheving og auka bruk av IKT:

Fylkesrådmannen meiner tilrådingane står opp under regional politikk nedfelt i regional plan for attraktive senter og prioriteringar gitt i forslag til Regional planstrategi. Regionsenteret Leirvik bør romme spesialiserte statlege tenester. Høg kompetanse og god ressursutnytting er vesentleg for å kunne møte forventta sterk vekst i etterspørsel. Arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft har fokus på korleis ein kan sikre godt samspel mellom utdanning og arbeidsliv og er relevant for denne utfordringa.

Forslag til vedtak

1. Gode helsetenester er avgjerande for å oppnå eit attraktivt fylke. Hordaland fylkeskommune stør forslaget i prosjekt Stord sjukehus om å oppretthalda sjukehuset sin akuttfunksjon.
2. Leirvik er eit viktig regionsenter i Hordaland. Lokalisering av spesialiserte tenester og kompetansearbeidsplassar i senteret er i samsvar med vedtekne mål i regional plan for attraktive senter. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om å arbeida for desentralisering av tenester frå Haugesund sjukehus til Stord.
3. Kompetanse ved sjukehuset er ein føresetnad for at desentralisering gir gode tenester. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om at Helse Fonna arbeider for ein samla kompetanse- og forskingsstrategi for alle sjukehusa i foretaket. Kompetanse- og ressursbehovet vil auke innan helse- og omsorgssektoren. Godt samspel mellom utdanningssektoren og sjukehusa må utviklast. Fylkeskommunen sitt arbeid i regional plan for kompetanse og arbeidskraft vil vera relevant for sjukehuset.

4. Styrking av digitale tenester, forskning og innovasjon innan helsetenester er i samsvar med regionale mål. Innsyn og informasjon om tenestene ved sjukehuset bør betrast slik at produksjon, ventetid og ventelister vert lettare tilgjengeleg digitalt for brukarar og primærhelsetenesta.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Gode helsetenester er avgjerande for å oppnå eit attraktivt fylke. Hordaland fylkeskommune stør forslaget i prosjekt Stord sjukehus om å oppretthalda sjukehuset sin akuttfunksjon.
2. Leirvik er eit viktig regionsenter i Hordaland. Lokalisering av spesialiserte tenester og kompetansearbeidsplassar i senteret er i samsvar med vedtekne mål i regional plan for attraktive senter. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om å arbeida for desentralisering av tenester frå Haugesund sjukehus til Stord.
3. Kompetanse ved sjukehuset er ein føresetnad for at desentralisering gir gode tenester. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om at Helse Fonna arbeider for ein samla kompetanse- og forskingsstrategi for alle sjukehusa i føretaket. Kompetanse- og ressursbehovet vil auke innan helse- og omsorgssektoren. Godt samspel mellom utdanningssektoren og sjukehusa må utviklast. Fylkeskommunen sitt arbeid i regional plan for kompetanse og arbeidskraft vil vera relevant for sjukehuset.
4. Styrking av digitale tenester, forskning og innovasjon innan helsetenester er i samsvar med regionale mål. Innsyn og informasjon om tenestene ved sjukehuset bør betrast slik at produksjon, ventetid og ventelister vert lettare tilgjengeleg digitalt for brukarar og primærhelsetenesta.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
Fylkesdirektør for regional utvikling

Vedlegg: Rapport – prosjekt Stord sjukehus

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.08.2016

Bakgrunn

Helse Vest RHF og Helse Fonna RHF starta i mars 2016 prosjektet Stord sjukehus og Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Arbeidet er organisert med brei deltaking frå kommunane, brukarane og helseforetaka. Sluttrapport frå prosjekt Stord sjukehus ligg no føre med høyringsfrist 31.september 2016. Sluttrapport for Odda sjukehus vil koma på eit seinare tidspunkt.

Etter høyringsrunden skal rapporten handsamast i styret i Helse Fonna og deretter Helse Vest.


Nasjonal helse- og sjukehusplan

Nasjonal helse- og sjukehusplan blei handsama i Stortinget 17.mars 2016 og ga nokre overordna føringar for sjukehussektoren.

Sjukehusa blei inndelt i ulike kategoriar:

- Regionsjukehus – hovudsjukehus som er Haukeland i Helse Vest
- Stort akuttsjukehus – Stavanger, Haugesund og Førde sjukehus i helse Vest
- Akuttsjukehus - Nordfjord sjukehus, Lærdal sjukehus, Voss sjukehus, Stord sjukehus og Odda sjukehus i Helse vest

I tillegg kjem sjukehus utan akuttfunksjonar der all aktivitet er planlagt. Alle sjukehuskategoriane må inngå i eit samarbeidande team.



For sjukehus med akutt-tenester er det viktig å ha eit større antal pasientar som kan gje kompetanse og god ressursutnytting. Det er aktuelt å desentralisera planlagt kirurgi for å få auka kompetansen i små sjukehus. Sjukehusstrukturen og ambulansetjenesta må sjåast i samanheng. Desentraliserte spesialisthelsetenester kan gjerne samlokalisera med kommunale helse- og omsorgstenester. Desentraliserte

spesialisthelsetenester skal vidareutviklast for å gje gode tenester i nærmiljøet og heilskaplege pasientforløp.

Status og tilrådingar for Stord sjukehus

Prosjektrapporten omtalar ulike karakteristika ved sjukehuset. Stord sjukehus er eit akuttsjukehus som skal gje eit tilbod til dei store pasientgruppene i området. Det er medisinske og kirurgisk sengepostar og poliklinikkar ved sjukehuset i tillegg til operasjonsavdeling med fire operasjonsstover. Sjukehuset dekkjer ein befolkning på 49 000 som er forventa å stige til 56000 i 2030, og då særleg innan gruppa eldre. Kommunane i Sunnhordland har i dag fleire akutttinnleggingar enn vanleg gjennomsnitt pr. 1000 innbyggjarar.



Figur 4. Sjukehusområdet i Helse Fonna

Pasienttraumane går i større grad til Haukeland sjukehus enn nødvendig og ikkje til andre sjukehus i Helse Fonna. Informasjon til fastlegane kan vera ei årsak, men også offentleg transport. Tysnes kommune henviser planlagde operasjon oftare til Haukeland enn Haugesund, truleg på grunn av kommunikasjonar.

Kvalitetsindikatorar er på gjennomsnittleg nivå for Stord sjukehus. På pasienttilfredsheit skårar Stord sjukehus lågare enn snitt for landet. Rekrutteringssituasjonen for legar er tilfredsstillande, men det er til tider utfordring for spesialsjukepleiarar.

Tilråding frå prosjektet:

1. Stord sjukehus held fram som akuttsjukehus med traumeberedskap og funksjonar innan kirurgi og indremedisin.
Helse Fonna vil vurdere å desentralisera meir av planlagt operasjon til Stord og vil avklara arbeidsdeling med Haugesund sjukehus.
2. Felles kulturbygging i Helse Fonna

Haugesund sjukehus, Odda sjukehus og Stord sjukehus skal utvikle vi-haldning og saman sikre eit godt tilbod til befolkninga.

3. Samhandling med kommunane om ein port og felles ventelister
Samhandlinga med kommunane skal utviklast slik at ressursane utnyttast betre gjennom betre informasjon, samarbeidsavtalar og felles ventelister.
4. Desentralisert tenestetilbod
Helse Fonna vil vurdere å desentralisere fleire poliklinikkar og identifisere grupper som hentar tenester utanfor Helse Fonna med sikte på å byggje funksjonar lokalt.
5. Stadleg leiging ved Stord sjukehus
Stord sjukehus skal ha stadleg leiging.
6. Styrke rekruttering og kompetanseutvikling
Helse Fonna skal ha tiltak for å sikre tilgang på kompetanse ved Stord sjukehus
7. Styrke forskning og kvalitetsutvikling
Helse Fonna vil styrke forskning og kvalitetsutvikling på tvers av sjukehusa.
8. Aktivt utviklings- og implementeringsarbeid knytt til IKT-satsinga.
Alle sjukehus skal bidra aktivt i dei store regionale IKT-satsingane.

Fylkesrådmannens vurdering:

Fylkesrådmannen vurderer rapporten ut i frå vedtekne regionale planar og arbeidet med regional planstrategi 2016-2020.

Eit godt tenestetilbod til innbyggjarane i Hordaland er svært viktig for å byggje eit attraktivt fylke. I ei spørjeundersøking gjennomført av fylkeskommunen for nokre år sidan rangerte folk helsetenester som det viktigaste elementet i eit godt senter.

Folketalet i omlandet er i vekst, antall eldre aukar mest. Behovet for helsetenester er aukande. Det må også leggjast til at kommunane i nedslagsfeltet er viktige for reiseliv og har eit stort antall fritidshus. Eit høgt tal gjestearbeidarar, studentar og asylmottak må til tider også reknast som relevant når ein skal vurdere helsetenester. Arbeidslivet er dessutan prega av sektorar med høgare risiko som primærnæringar og industri.

I regional plan for attraktive senter er senterstruktur og tenester eit viktig tema. Stord sjukehus er lokalisert i regionsenteret Leirvik. Det er ynskjeleg at flest mogeleg tenester som krev eit større befolkningsgrunnlag enn ein kommune vert lokalisert til regionsenter. Dette skapar synergieffektar som fremjar utvikling og gjer det mogeleg å utvikla eit rasjonelt offentleg transportsystem. Det er derfor positivt at prosjektet foreslår å oppretthalda sjukehuset som akuttsjukehus.

Det er også positivt at Helse Fonna vurderer å desentralisera planlage operasjonar til sjukehuset. Nærleik har stor betydning for pasientar, pårørande og arbeidstakarar. Forslag om ambulerande spesialisttenester og bruk av IKT og video bør også fylgjast opp. Kompetansearbeidsplassar er viktig å lokalisera i regionsenter og desentralisering av alle relevante funksjonar bør vurderast.

I regional plan for attraktive senter er både regionsenter og regionsenteromland fastsett. Det er eit generelt prinsipp at reiseavstand med bil innan regionen skal vera under ein time frå ytterkant til regionsenter.

Avstand og transporttilbod har mykje å sei for val av tenestestad for pasient og fastlege. Delar av befolkninga i området vil ikkje kunne dekkjast av hyppig kollektivtransport og gode ordningar for pasienttransport må utviklast. For delar av Helse Fonna-området vil Haukeland vera eit alternativ til både Stord og Haugesund, men det er ynskjeleg å oppretthalda Stord sjukehus som førsteval.

Ferjestrekningar er barrierar for transport. Rapporten er ikkje oppdatert når det gjeld eksisterande ferger eller planlagde bruer. Snøggbåttilbodet har endra seg dei siste åra. Det er verdt å merka seg at det er planlagt bru mellom Tysnes og Stord som del av ny E 39. Det er også verdt å merke seg at Kvinnherad er knytt til Odda med veg. Dette bør vera moment i vurdering av utnytting av kapasiteten ved sjukehusa.

Gode tenester er avhengig av rett kompetanse. Desentralisering kan setja kompetansekrav under press. Kompetanse er lettare å rekruttere dersom staden er attraktiv og dersom det er eit mangfald av jobbtillbod. Stord har gode føresetnader for å kunne tilby varierte arbeidsplassar og samlokalisering med høgskule er eit vesentleg moment.

Tilrådinga om at Helse Fonna ser kompetanseutvikling, kvalitetsutvikling og forskning samla og at alle sjukehusa får del i dette er positivt. Hordaland fylkeskommune arbeider med plan for kompetanse og arbeidskraft og har ein eigen forskingsstrategi. Å sikre rekruttering til helsesektoren blir ei viktig oppgåve på bakgrunn av ein forventet vekst i særklasse. Det er derfor svært viktig med ei godt samspel mellom helsesektoren og utdanningsinstitusjonane, både fylkeskommunale og statlege, framover. Med både vidaregåande skule og høgskule i nærleiken er det gode føresetnader for eit godt kompetansegrunnlag. Forsking på bruk av ny teknologi innan helse- og pleiesektoren vil vera prioritert i åra som kjem.

Bruk av IKT i helsesektoren bør styrkast og sikre ein effektiv og moderne tenesteproduksjon. IKT bør også nyttast til å opna for innsyn i sjukehusa frå omverda. Tenestetilbod, ventetid og ventelister bør kommuniserast oppe på nett. Likedan aktiviteten/produksjonen og kvaliteten ved avdelingar. Det bør vera enkelt for befolkninga og primærhelsetenesta å vurdere kor ein ynskjer behandling og sjølv ta meir ansvar for eiga helse.

Oppsummering

Fylkesrådmannen støttar tilrådingane i prosjekt Stord sjukehus.